



# VANG KOMMUNE



Opning av Vang frivilligsentral

Foto: Helge Gudheim, Avisa Valdres

## ÅRSMELDING 2013

# FØREORD

Årsmeldinga skal ha med opplysningar om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Der det er vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for avviket. Tilsvarande gjeld ved avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2013, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 08. mai, i hovudutvala 13. og 14. mai og i kommunestyret 22. mai 2014.

I tillegg denne årsmeldinga ligg det føre egne årsrapportar for eldrerådet, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovudmål og retningslinjer i kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningslinjer for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, landbruk, næringsutvikling og sysselsetting, kommunen sin økonomi, interkommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, beredskap og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

## Folketal

1.1.2014 var folketalet i Vang 1602 mot 1597 ved førre årsskifte. Auken skuldast netto innflytting på 12 (70 frå andre delar av landet og 53 frå utlandet mot 102 utflyttingar til andre delar av landet og 9 til utlandet). 15 døde og berre 10 fødde gav fødselsunderskot også i 2013.

Det er grunn til å merke seg som både interessant og sjølvsagt positivt at innanlands flytting til Vang auka frå 40 i 2012 til 70 i 2013.

## Utvikling

Vang kommune bør i 2014 kunne fullføre rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og delar av arealdelen. I samfunnsdelen er det framlegg om å halde fast ved delmålet:

Vang kommune skal styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet.

Dette er sjølvsagt eit rett og viktig delmål. Utfordringane er å finne eigna strategiar for mål-oppnåing.

Kort tid etter at det nyvalde Stortinget var på plass, kom det klart fram at den nye regjeringa vil gje full gass med vurdering av kva for oppgåver kommunane skal ha i Noreg. Det er her viktig å vere klar over at det er fleire parti enn dei som utgjer det parlamentarisk grunnlaget for regjeringa som støttar tanken om færre kommunar i Noreg. Det kan seiast å vere ein storkoalisjon som har denne målsettinga.

Slagordet er at det må skipast robuste kommunar. Regjeringa har sett ned eit ekspertutval for å greie ut grunnlaget for moglege endringar i kommunane sine oppgåver. Utvalet skal legge fram resultatet av arbeidet sitt i 2014 gjennom fleire delrapportar, den fyrste truleg alt i mars.

Valdreskommunane melde tidleg interesse for å ta del arbeidet med vurderingar av kva for oppgåver kommunane skal ha i framtida. Dei seks kommunestyra vil i mars/april ta stilling til innhaldet i prosessen.

2014 og den næraste tida etterpå blir svært spanande for kommunesektoren. Eit sentralt omgrep er ”robuste kommunar”. Kva føresetnader som blir lagt for å framstå som ein robust kommune vil truleg bli avgjerande for korleis kommunekartet i Noreg ser ut om nokre år.

## Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytteeigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte eller e-post:

Ordførar	Vidar Eltun	<a href="mailto:vidar.eltun@vang.kommune.no">vidar.eltun@vang.kommune.no</a>
Rådmann	Reidar Thune	<a href="mailto:reidar.thune@vang.kommune.no">reidar.thune@vang.kommune.no</a>
Økonomisjef	Aslag Lajord	<a href="mailto:aslag.lajord@vang.kommune.no">aslag.lajord@vang.kommune.no</a>
Skule- og kultursjef	Jon Eggen	<a href="mailto:jon.eggen@vang.kommune.no">jon.eggen@vang.kommune.no</a>
Teknisk sjef	Terje Hålien	<a href="mailto:terje.haalien@vang.kommune.no">terje.haalien@vang.kommune.no</a>

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no)

Vang, 27. mars 2014

Reidar Thune  
rådmann

# INNHALD

ØKONOMISK STILLING OG RESULTAT .....	5
INTERNKONTROLL .....	10
ETISK STANDARD .....	10
LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING.....	11
STYRE, RÅD OG UTVAL.....	13
RÅDMANNSKONTORET.....	14
SKULE OG KULTUR .....	20
HELSEAVDELINGA .....	28
IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester.....	32
LANDBRUK TEKNISK.....	38


# ØKONOMISK STILLING OG RESULTAT

## Driftsinntekter

I 2013 var kommunen sine driftsinntekter 192 mill. kr, med ei fordeling som vist i figuren til høgre.

Kraftinntekter stod for nesten ¼ av driftsinntektene:

Eigedomsskatt 6,8 mill. kr, naturressursskatt 6,1 mill. kr, konsesjonskraftinntekter og fallerstatningar 10,6 mill. kr, og konsesjonsavgifter 19,4 mill. kr. I tillegg kjem renteinntekter og utbytte.




Sum driftsinntekter vart 9,4 mill. kr (5,2 %) høgare enn budsjettert. Statlege refusjonar/overføringer gav 4 mill. kr i meirinntekter, medrekna 0,7 mill. kr sjukeløn/svangerskapspermisjon. Andre refusjonar (frå fylkeskommunar, andre kommunar og private) gav 3,1 mill. kr i meirinntektene. Denne summen må sjåast i samanheng med utbetaling av 3,3 mill. kr av tidlegare avsette fondsmidlar frå Vestre Slidre i samband med avvikling av felles flyktningeteneste ved årsskiftet.

Sals- og gebyrinntekter vart 0,2 mill. kr høgare enn budsjettert.


Skatt på inntekt og formue vart 0,4 mill. kr lægre enn budsjettert, men dette vart vege opp av tilsvarende meirinntekt for rammetilskot.

Skatteinntektene auka litt frå 2012, men er framleis lægre enn for fire år sidan. Dette skuldast m.a. redusert skattøyre. Med utjamning gjennom inntektssystemet blir skilnader i skatteinngang i høve til landsgjennomsnittet delvis jamna ut gjennom endringar i rammetilskot gjennom året. Dei siste åra har rammetilskotet auka mykje meir enn skatteinntektene.



## Driftsutgifter

Fordelinga av samla driftsutgifter på 198 mill. kr er vist i figuren til høgre.



Sum driftsutgifter vart 1 mill. kr (0,5 %) lægre enn budsjettert. Løn og sosiale utgifter vart 3,1 mill. kr lægre (2,6 %) enn budsjettert (2,4 mill. kr lægre om ein ser bort frå premieavvik).

Vare- og tenestekjøp viser samla mindreforbruk på 2,9 mill. kr (6 %). Vedlikehaldsutgiftene var 1,2 mill. kr (39 %) lægre enn budsjettert, men vel  $\frac{1}{3}$  av dette skuldast ompostering til investering. Kjøp frå IKS viser eit mindreforbruk på  $\frac{3}{4}$  mill. kr (10 %). Dette skuldast i all hovudsak mindretgifter til VKR for slamtømming etter endra tømmemønster (og tilsvarende mindre gebyrinntekter). Kjøp frå andre kommunar viser eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr (5,6 %), noko som i all hovudsak skuldast lægre kostnader til økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsordninga gjennom NAV Valdres.

På den andre sida er det rekneskapsført 4,1 mill. kr (32 %) meir i overføringsutgifter enn budsjettert. Dette avviket skuldast at overførte aksjar i Tyin Filefjell Utvikling AS er verdsett til 4 mill. kr, ført som tilskot i driftsrekneskapan, og tilsvarende inntektsføring i investeringsrekneskapan. Anna tenestekjøp viser eit meirforbruk på 0,7 mill. kr, noko som særleg har samanheng med bruk av vikarbyrå ved Vangsheimen.

Brutto driftsresultat viser 6,1 mill. kr i underskot, mot 16,5 mill. kr i budsjettert underskot. Som nemnt er det meirinntekter som står for hovuddelen av dette avviket.

## Finansinntekter og -utgifter

Av renteinntekter, utbyte og eigaruttak på 11 mill. kr kom 9 mill. kr frå Vang Energiverk/JotunKraft, og andre renteinntekter utgjorde knapt 2 mill. kr. I sum vart desse inntektspostane 0,2 mill. kr lægre enn budsjettert.

Renteutgiftene var 344 000 kr.

Avdragsutgiftene fordeler seg med 478 000 kr til Husbanken og 78 000 kr for lån knytt til Filefjellheisen. I sum vart rente- og avdragsutgiftene 1,5 mill. kr lægre enn budsjettert.

Netto driftsresultat vart 14,2 mill. kr; tilsvarende 7,4 % av driftsinntektene. At dette resultatet vart over 12 mill. kr høgare enn budsjettert skuldast i fyrste rekkje auka driftsinntekter og dernest reduserte finansutgifter.

## Avsetnader og bruk av avsetnader


Bruk av avsetnader:

- Mindreforbruk i 2012-rekneskapan: 5,6 mill. kr.
- Disposisjonsfond: 9,3 mill. kr: 8,5 mill. kr budsjettert + 0,8 mill. kr amortisert premieavvik
- Bundne fond: 8,2 mill. kr (medrekna næringsfond 7,0 mill. kr)

Sum driftsinntekter  
– Sum driftsutgifter  
= Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat  
+ Finansinntekter  
– Finansutgifter  
+ Motpost avskrivningar  
= Netto driftsresultat

Netto driftsresultat  
+ Bruk av avsetnader  
– Avsetnader  
= Meir-/mindreforbruk i driftsrekneskapan



### Avsetnader:


- Overført investeringsrekneskaper: 0,7 mill. kr (20 % av mva-kompensasjon investeringar)
- Disposisjonsfond: 7,2 mill. kr:  
5,6 mill. kr mindreforbruk 2012 + 1,6 mill. kr premieavvik 2013
- Næringsfond: 20,9 mill. kr: 19,4 mill. kr konsesjonsavgifter, 1,4 mill. kr renteinntekter og 65 000 kr tilbakeført tidlegare løyvingar
- Andre avsetnader til bundne fond: 0,1 mill. kr

## Investeringsrekneskaper

Overdraging av kommunen sine aksjar i Tyin Filefjell Utvikling AS med skiheisane på Filefjell er inntektsført med 4 mill. kr, og sal av bustaden Kringle gav 1,36 mill. kr i investeringsinntekter.

På utgiftssida er 1,2 mill. kr til planlegging av Fredheim barnehage og 1 mill. kr i avskrivning av ansvarleg lån til Tyin-Filefjell utvikling AS dei største postane.

Sju investeringsprosjekt er avslutta i 2013, med eit samla underforbruk på 20 000 kr.



I 2013 vart investeringsrekneskaper gjort opp utan bruk av næringsfond, og med 0,6 mill. kr i ubrukt finansiering som kan setjast av til ubunde investeringsfond.

16,4 mill. kr av tidlegare løyvingar til ti ulike investeringsprosjekt er overført til 2014, medrekna 14,7 mill. kr til vassforsyning og nytt reinseanlegg ved Tyinkrysset.


## Næringsfond

Næringsfondet sin hovudstol er 91,3 mill. kr.

I 2013 er 7 mill. kr nytta til drift (budsjettert: 9,3 mill. kr), medrekna 2,9 mill. kr i tilskot til nærings- og kulturføremål.

Av bokført beholdning på 54 mill. kr ved siste årsskifte er 16,4 mill. kr sett av til ulike investeringsføremål i 2014 og seinare.

Kommunestyret har lagt til grunn at næringsfondet skal tilbakeførast til hovudstolen.




## Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet var 16 mill. kr ved utgangen av 2013; ein reduksjon på 2,1 mill. kr frå førre årsskifte. Av dette er 8,5 mill. kr knytt til premieavvik (som vil belaste driftsrekneskapen seinare år), 1 mill. kr til prinsippendringar i rekneskapen, og 1 mill. kr til ev. eigendel ved forsikringskade. I tillegg er vedteke årsbudsjett 2014 saldert med bruk av 8,7 mill. kr av disposisjonsfondet.

## Arbeidskapital

Kommunale rekneskap har fokus på endringar i arbeidskapitalen.

<b>Tilgang på midlar</b> (inntekter og innbetalingar)
– <b>Bruk av midlar</b> (utgifter og utbetalingar)
<b>= Endring arbeidskapital</b>
<b>= Netto avsetnader</b>




Auka arbeidskapital inneber tilsvarende auke i fondsmidlar.

## Funksjonar og ansvar

Årsbudsjett og økonomiplan er vedteke med funksjon som hovudinndeling. Funksjonane peikar på type behov kommunale tenester skal dekkje, og kva grupper tenestene vender seg til. Tilsvarende inndeling er nytta i årsrekneskapen, som gjev ei meir detaljert framstilling av den økonomiske verksemda.

Vidare i årsmeldinga er ansvar nytta som hovudinndeling. Medan funksjonsinndelinga er uavhengig av politisk og administrativ organisering, er ansvarsinndelinga sett opp i samsvar med den administrative organiseringa av kommunen:

- *Rådmannskontoret*  
(ansvar 100-108)
- *Skule og kultur*  
(ansvar 200-290)
- *Helseavdelinga*  
(ansvar 310-319)
- *Institusjons- og heimebaserte tenester IHT* (ansvar 320-339)
- *Landbruk teknisk*  
(ansvar 400-490)



Figuren til høgre viser fordelinga av brutto driftsutgifter mellom desse.




I tillegg er det eit felles ansvar: *Finans og overføringar* (ansvar 900)

Skatteinntekter, rammetilskot, mva.-kompensasjon investeringar, konsesjonskraftinntekter/fallerstatningar, konsesjonsavgifter, renteutgifter og -inntekter, avskrivningar, avsetnader og bruk av næringsfond mv. er i all hovudsak ført under ansvar 900.

## Budsjettavvik i etatane

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt budsjettvedtak blir det fastsett budsjetttrammer for kvar etat/avdeling. Sektorane bør derfor vurderast i høve til samla rekneskapsresultat, og ikkje ut i frå avvik på einskildpostar.



Det er sjølvsagt gledeleg at driftsrekneskapan for etatane/avdelingane viser netto mindreforbruk. Ein kan ha vore for forsiktig med å budsjettere ein del av inntektspostane, men ein del av desse var heller ikkje føresette – og/eller dei var eingongsinntekter.

Verdsetjing av overførte aksjar i Tyn Filefjell Utvikling AS til 4 mill. kr med tilsvarende utgiftsføring i driftsrekneskapan gav samla meirforbruk ved rådmannskontoret. På den andre sida hadde løn mindreutgifter på 0,5 mill. kr og NAV mindreutgifter på 0,8 mill. kr.

Skule og kultur sine meirinntekter skuldast for ein stor del 3,3 mill. kr i utbetalte fondsmidlar frå Vestre Slidre ved avvikling av felles flyktingeteneste, og dette var ei ikkje budsjettert eingongsinntekt.

Helseavdelinga har små budsjettavvik. Størstedelen av meirinntektene gjeld ulike refusjonar, m.a. frå NAV. Mindreutgiftene gjeld både løn og vare-/tenestekjøp.

IHT (Institusjons- og heimebaserte tenester) sine meirinntekter er fordelt på mange ulike postar. Mindreutgiftene gjeld i hovudsak løn.

Landbruk teknisk sine meirinntekter gjeld i hovudsak bruk av 1,2 mill. kr av dekningsgradsfond for vatn og avløp. Halvdelen av mindreutgiftene er knytt til løn og vedlikehaldsutgifter, og resten fordelt mellom mange ulike postar.

# INTERNKONTROLL

**Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:**

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbagemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

- Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll.
- Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet.
- Omfattande internekontrollsystem for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedriftshelsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknad eller avvik.
- Internkontrollsystem knytt til ulike særlover.
- Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden slik dette går fram økonomiplandokumentet. Det er i 2013 i fellesskap med dei andre Valdreskommunane kjøpt inn eit elektronisk internkontrollsystem for ytterlegare å systematisere og betre rutinar og kontrolltiltak.

# ETISK STANDARD

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

- Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningsliner.
- Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.
- Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement.
- Bygge opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemd på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at mislege handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommuneleing.

IHT – Institusjons- og heimebaserte tenester – er med i KS-prosjektet *Samarbeid om etisk kompetanseheving*. Etter eitt års drift synest etisk refleksjon å vera ein god reiskap for å auke bevisstgjerjing om handlingar og haldningar, betra kommunikasjon og meir profesjonell problemhandtering. Fleire prosjekt og oppdrag som krev tid samstundes og fråvær i leiinga og blant etikkrettleiarane, gjer at prosjektet ikkje kan gjennomførast etter tidsplanen.

IHT har fokus på etikk, og etisk refleksjon er eit godt verktøy for haldningsskapande arbeid. Det er viktig å bruke etisk refleksjon så mykje og så ofte at deltakarane får positiv erfaring med å bruke det og difor etterspør det. Rådmannen vil vurdere å utvide dette til også å omfatte andre tenestområde i kommunen.

# LIKESTILLING OG LIKEBEHANDLING

## **Diskrimineringslova § 1:**

*Lovens formål er å fremme likestilling, sikre like muligheter og rettigheter og å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn.*

## **Diskriminerings- og tilgjengelova § 1:**

*Lovens formål er å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheter og rettigheter til samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne.*

Medarbeidarundersøkinga hausten 2012 tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsatt funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggekommitéar alltid har med ein representant for menneske med nedsatt funksjonsevne.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningslinjer, vedteke av kommunestyret i 2005, omtalar likeløn:

*Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar. For å unngå uønskt deltid er det naudsynt med endring av turnusane, og for å få til større stillingar må det truleg arbeidast fleire helger i året. Kartlegging av uønskt deltid skjer til ein viss grad i samband med innføring av nye turnusar i IHT frå 1. mai 2014.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det mange ufaglærte arbeidstakarar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass. For tida er det om lag 15 tilsette – både kvinner og menn – som tek utdanning med sikte på å ta fagbrev som helsefagarbeidar.

Auka lønsforskjellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniørar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter innføring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tarifforhandlingane.

I kommunen var det 392 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2013; 309 kvinner (79 %) og 83 menn (21 %). Dette er om lag uendra fordeling frå året før. I 2012 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 7,7 % og menn hadde 4,4 %.

I kommunestyret er 9 av 17 representantar (53 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.

<b>Gjennomsnittstal for fast tilsette</b>		<b>Årsløn</b>	<b>Stilling %</b>	<b>Alder</b>
Rådmannen med leiargruppe	Kvinner	595 000	100	42
	Menn	630 000	100	59
	Alle	623 000	100	56
Mellomleiarar medrekna rektorar og barnehagestyrar	Kvinner	533 000	98	47
	Menn	538 000	90	40
	Alle	534 000	96	46
Høgskoleutdanna medrekna konsulentar/saksbehandlarar i kap. 4 i hovudtariffavtalen	Kvinner	442 000	76	49
	Menn	486 000	87	48
	Alle	454 000	79	48
Anna pedagogisk personale	Kvinner	470 000	83	47
	Menn	442 000	62	50
	Alle	466 000	50	48
Fagarbeidarar og andre på fagarbeidarnivå	Kvinner	359 000	71	45
	Menn	367 000	68	49
	Alle	360 000	70	45
Ufaglærte	Kvinner	331 000	55	45
	Menn	329 000	53	42
	Alle	330 000	54	44

<b>Aldersfordeling fast tilsette</b>	<b>Personar</b>	<b>%</b>
24 år og yngre	15	5
25-29 år	20	7
30-34 år	27	10
35-39 år	20	7
40-44 år	37	14
45-49 år	34	12
50-54 år	37	14
55-59 år	37	14
60 år og over	46	17

<b>Stillingsstorleik fast tilsette</b>	<b>Personar</b>	<b>%</b>
under 20%	16	6
20-49%	37	13
50-74%	63	23
75-99%	81	30
100 %	76	28

<b>Gjennomsnitt fast tilsette</b>	<b>Årsløn</b>	<b>Stilling %</b>
Kvinner	395 000	72
Menn	419 000	70
Alle	400 000	71

# STYRE, RÅD OG UTVAL

		<b>2012</b>	<b>2013</b>	
<b>KOMMUNESTYRET</b>				
Ordfører	Vidar Eltun (Ap)	Møte	6	8
Varaordfører	Aud Irene Hamre Rogn (Ap)	Saker	74	79
<b>FORMANNSKAPET</b>		Møte	10	7
		Saker	63	51
<b>ADMINISTRASJONSUTVALET</b>		Møte	3	3
		Saker	7	7
<b>ARBEIDSMILJØUTVALET</b>		Møte	1	2
		Saker	2	5
<b>HOVUDUTVAL FOR LEVEKÅR</b>		Møte	8	7
Leiar	Ove Martin Stende (Ap)	Saker	28	20
<b>HOVUDUTVAL FOR UTVIKLING</b>		Møte	6	6
Leiar	Grete Aasheim (Ap)	Saker	79	68
<b>KONTROLLUTVALET</b>		Møte	5	5
Leiar	Aud Kvale (H)	Saker	8	12
<b>ELDRERÅDET</b>		Møte	7	5
Leiar	Magnor Wigdel	Saker	25	12
<b>RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE</b>				
Leiar	Arne Straum	Møte	6	6
		Saker	16	13

# RÅDMANNSKONTORET

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune

Assisterande rådmann: Økonomisjef Aslag Lajord

## Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarane, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd med økonomiske realitetar og politiske vedtak.

## Hovudarbeidsområde

Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellestenester og interkommunale samarbeid: NAV, barnevern, flyktingetjeneste, IKT, skatteinnkrevjing og revisjon.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid) var 13 personar i 2013.

Dette utgjorde 9,1 årsverk og er reelt om lag det same som i 2012.

(Då var ikkje to frikjøpte tillitsvalde med 0,4 årsverk rekna med her).

## Økonomi


Ansvar 100-108		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	27 209 000	25 529 000	1 680 000	6,6
	Inntekter	-2 971 000	-3 025 000	54 000	-1,8
	Netto driftsutgifter	24 238 000	22 504 000	1 734 000	7,7
Investeringsdel	Utgifter	1 561 000			
	Inntekter	- 4 005 000			
	Netto investeringsinntekter	-2 444 000			

Lønsutgiftene vart 525 000 kr (6 %) lægre og kjøp av varer og tenester 1,1 mill. kr (9 %) lægre enn budsjettert.

Overføringsutgiftene hadde størst avvik:

4,1 mill. kr (119 %) høgare enn budsjettert skuldast verdsetjing av overførte aksjar i Tyin Filefjell Utvikling AS med 4 mill. kr, ført som tilskot i driftsrekneskapen.

Salsinntektene vart 65 000 kr (23 %) høgare, refusjonar 42 000 kr (5 %) høgare og overføringsinntektene 163 000 kr (8 %) lægre enn budsjettert.



## Kommunal informasjon

Vang kommune si heimeside: [www.vang.kommune.no](http://www.vang.kommune.no) som også har link frå **heimesida** [www.vangivaldres.no](http://www.vangivaldres.no)

- Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio
- Informasjon i Menighetsbladet
- Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar  
Samarbeid med regionkontoret, folkeregisteret og Innovangsjon
- Årsmeldinga frå 2013 blir lagt ut på kommunen si heimeside.  
Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.

## Næringsutvikling

For 2013 var det løyvd 1,85 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremerkning:

Innovangsjon SA:

tilskot til innovangsjonsminister og næringsutviklar	1 100 000	kr
Vang-Tyin-Filefjell Reiseliv/Valdres Destinasjon	350 000	”
Tilskot til løypekøyning	160 000	”
Oppfølging næringsstrategiar (ikkje utbetaling)	40 000	”
Tilskot til næringsutviklingsarbeid	200 000	”

Etter retningslinene for stønad til næringsutvikling vart det gjeve fire tilskot:

Mjøsvang Eiendom	125 000	kr
Valdres Gulvsliperi v/Viken	25 000	”
Kosa seg AS	25 000	”
Fleten.net AS	25 000	”

Løyving vedteke av formannskapet:

Vinjerock AS: Tilskot til fiber og opplegg for breiband	50 000	kr
- Tilbakeført tidlegare løyvingar	-65 000	kr

**Sum tilskot** 1 795 000 kr

Pr. 31.12.2013 utgjorde løyvde, ikkje utbetalte tilskot til næringsutvikling 785 000 kr.

## Moment i næringsarbeidet

- Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling.
- God dialog og samhandling med lokal bank.
- Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark, Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Destinasjon Valdres.
- Samarbeid og kontakt med Innovangsjon SA, og deltaking på deira arrangement.  
Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål for 2012 og 2013 er omdisponert nettopp til Innovangsjon. I tråd med føresetnadene for løyvinga rapporterer Innovangsjon særskilt kvart halvår.

## Skiheisane på Filefjell

Vang kommune overtok Filefjell Skiheiser AS etter konkursen i selskapet i 2004, og sette bort drifta til og med sesongen 2011/12. I april 2012 vedtok kommunestyret at det skulle gjennomførast ein emisjon i Tyin/Filefjell Utvikling AS (TFU), at selskapet skulle overta eigarskapet til heisane, og at kommunen skulle ha att ein eigarpost på mindre enn 50 % (KS-13/12). I juni 2012 vedtok kommunestyret å overdra heisanlegget til TFU og gav ordførar, etter rådføring med formannskapet, generell fullmakt for dei vidare prosessane med eigarskapet (KS-28/12). TFU overtok også Tørrisheisen AS, og drifta heisane sjølv i sesongen 2012/13. Det vart også gjeve eit ansvarleg lån på 2 mill. kr til kjøp av utstyr og behov for driftskapital (FS-37/12).

Etter vedtaket i kommunestyret om emisjon i TFU vart det arbeid svært mykje for å i verksetje vedtaket med informasjon tilbake til formannskap og kommunestyre. I desember 2012 tok kommunestyret opp at emisjonssaka, med følgjande vedtak: *I løpet av 2013 skal kommunen sin eigarandel i TFU AS kome under 50 %, jfr. kommunestyresak i møte 19.04.2012 (KS-13/12)*. Kommunestyret vedtok strategi for TFU i februar 2013 (KS-4/13). Etter kvart melde det seg to interessentar som var villige til å leggje pengar i selskapet. Det var TFU som formelt og i samsvar med aksjelova stod for gjennomføring av emisjonane. Aktuelle avtaler vart utarbeidde og vedtekne av formannskapet 2. mai 2013 (FS-27/13). Sidan vedtaket var gjort med fullmakt frå kommunestyret, vart saka referert for kommunestyret i fyrste møte, 23. mai 2013. Som følgje av desse avtalane og gjennomførte emisjonar, var kommunen heilt ute av eigarskapet sommaren 2013.

Frå sesongen 2013/14 er det TFU med nye eigarar som driftar skiheisane på Filefjell. Desse eigarane har også kjøpt Filefjellstuene AS, og arbeider med fleire mulege utviklingstiltak i området. Dette er ei utvikling heilt i tråd med føresetnadene då kommunen stifta TFU.

Det er mange sider ved kommunen sitt eigarskap til skiheisane: Verdier, risiko og ansvar for drift og utvikling. Dette har fleire kommunestyre og rådmann jamleg drøfta sidan 2000, då kommunen gav lån til hovudanlegget for alpine aktivitetar på Filefjell.

Rådmannen har den klare oppfatning at den valde løysinga for eigarskapet til heisane er:

- den samla sett best mulege løysinga ut frå faktisk informasjon og forholda i saka.
- den beste løysinga sett i forhold til vidare utvikling av Tyin-/Filefjellområdet.
- samla sett ei økonomisk tilfredsstillande løysing for Vang kommune.

## Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

Hausten 2012 vart det gjennomførte ei større undersøking hjå alle tilsette om kor nøgde dei er med eigen arbeidsplass og med kommunen som arbeidsgjevar. Undersøkinga er omtala i årsmelding for 2013. Rådmannen vil gjennomføre tilsvarande undersøking annakvart år frametter, og vil drøfte vidare gjennomføring med tillitsvalde.

I tariffsamheng var det mellomoppgjer i 2013. Generelt tillegg med 0,75 % (min. 3100 kr) og nye minstelønssatsar tok til å gjelde frå 1. mai. Årslønsvest 2012-2013 er rekna til 3,54 %. Lokale forhandlingar for tilsette i kap. 3 og 5 gav regulering med verknad frå 1. mai.

Ved behov for tilrettelegging er det ei stor utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang. Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.



Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartnar ved oppfølging av sjukmelde, og skal delta på dialogmøte. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnarar. Avtalen om Inkluderande Arbeidsliv (IA) gjeld til 31.12.2014. Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværsarbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråvere og inkluderande arbeidsliv, aktiv seniorpolitikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.

I 2013 var sjukefråværet 7 %, som er ein liten auke frå året før. Samanlikna med målsettinga om at 94 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid, er vi relativt godt nøgde med resultatet.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei fleste verneområda. Risikovurdering har vore – og må halde fram med å vera – eit prioritert område.

Om lag 15 tilsette i IHT har starta på opplæring for å ta fagbrev som helsefagarbeidar. Med tanke på store utfordringar med rekruttering av fagpersonell i åra frametter er dette eit svært positivt tiltak. Planen er at dei første kan ta fagbrev i desember 2014. Opplæringa blir gjennomført i samarbeid med OPUS Valdres, og undervisning skjer både på Leira og i Vang. Framandspråklege tek norskopplæring parallelt. Mange tilsette er peika ut til å vera rettleiar, og vi legg til rette for at tilsette som treng variert praksis får byte arbeidsstad. Vang kommune gir stipend (utgiftsdekning) med inntil 6000 kr til tilsette som tek fagbrev.

Vang kommune er rimeleg godt dekkja med fagstillingar. Utfordringane er for tida størst ved at det er fleire ledige stillingar som sjukepleiar.

Ti tilsette var bedne inn til ei samkome av di dei hadde arbeidd 25 år i kommunen.

## Eldrerådet

Vang eldreråd har hatt sju medlemmer; fem pensjonistar og to politikarar.

Rådet har hatt fem møte, og behandla 12 saker.

Rådet har gjeve uttale om samarbeidsavtale mellom Vang kommune og Sykehuset Innlandet HF, og om årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017

Randi Eltun har vore representant i ei arbeidsgruppe som set opp framlegg om bruk av midlar frå Den kulturelle spaserstokken, som vert administrert av biblioteksjefen.

Styret var representert i regionalt eldrerådsmøte i Vestre Slidre i mai, konferanse om *Eldre og hørsel* på Fagernes i regi av HFL Oppland i september og haustkonferansen på Honne i regi av fylkeseldrerådet i oktober.

Eldrerådet har i samarbeid med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne jobba for å behalde bestillingsruta, eit lokalt transporttilbod som vert nytta av mange eldre.

Eldrerådet har utarbeidd eit framlegg til reglement for Vang eldreråd, som vart behandla i kommunestyret i april 2013 (KS-034/13)

Vang eldreråd arrangerte FN sin internasjonale eldredag 1. oktober på Fossevang i Ryfoss.

Datakurs for eldre er gjennomført i samarbeid med Vang Pensjonistlag og Vang folkebibliotek våren 2013.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Arne Straum har vore leiar og Bjørg Olimb nestleiar.

Rådet har hatt fire ordinære møte og behandla fylgjande saker:

- Felles logopedteneste for Valdres
- Samarbeidsavtale mellom Vang kommune og Sykehuset innlandet HF
- Uttale til revisjon av arealdelen til kommuneplan
- VKV og VAS – samlokalisering, byggjeplanar og utviding av aksjekapital
- Årsmelding for RMF 2012.
- Årsmelding og årsrekneskap 2012 for Vang kommune
- Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014–2017 for Vang kommune

Rådet har vore representert på fylkeskonferansar og -møte på regionalt nivå.

Temamøte 21. februar om folkehelse og universell utforming

Randi Bang Søndrol er rådet sin representant i byggjekomiteen for Fredheim barnehage.

Bjørg Olimb er rådet sin representant i plan- og byggjekomiteen for utbygging VBU.

## **Kontrollutvalet**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tileggenlege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal. Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret kvart år.

## **Flyktingteneste**

Felles flyktingteneste med Vestre Slidre som vertskommune hadde i 2013 100 % stilling som flyktingkonsulent og 30 % engasjementstilling som bu- og integreringsrettleiar. Vang kommune har vedtaka å busette ti personar over ei fem års periode (2009-2013).

Det er eit mål å kvalifisere flyktingar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjonsperioden på inntil to år og ansvarsperioden på fem år. Fire personar frå Vang har deltaka på introduksjonsprogram på 36,5 timer pr. veke.

Flyktingtenesta disponerer to kommunale bustadar og har leigeavtale på to private bustader i Vang.

## **Barnevern**

Barneverntenesta er organisert som interkommunalt samarbeid mellom Vang og Vestre Slidre, med Vestre Slidre som vertskommune. Tenesta har fire heile fagstillingar. I tillegg er det ei mellombels 50 % stilling dekt av statlege midlar. Tenesta har også ei 40 % merkantil stilling til hjelp med arkiv og kontoroppgåver.

Barneverntenesta skal sikre at barn og familiar som lever under vanskelege tilhøve skal få naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal fyrst og fremst bidra til at foreldre klarer å ta vare på barnet sitt gjennom hjelpetiltak i heimen. Det kan ytast tiltak fram til 23 år.

Barnevern er samansett, ein kjem tett på mange familiar med ulike utfordringar, og dette krev engasjement og høg kompetanse hjå saksbehandlarane. Det har vore leigd inn ekstern rettleiar ein del av året. Fire av fem fagpersonar har i løpet av året blitt sertifiserte til å halde kurs og foreldrerettleiing i programmet *Circle of Security (COS) – Parenting*.

Mål og viktige planar er førebyggjande arbeid, fange opp familiar med problem så tidleg som råd, og å styrkje det tverrfaglege samarbeidet.

For Vang vart det motteke 14 meldingar i 2013. Alle meldingane førte til undersøking (ingen vart lagt bort), og 8 av undersøkingane førte til hjelpetiltak. Ved slutten av året er det 15 barn som har hjelpetiltak; ofte feire hjelpetiltaka kvar. Omfanget av hjelpetiltak varierer mykje; frå leksehjelp, råd og rettleiing til frivillig fosterheimsplassing. Ingen barn er under omsorg frå barnevernet etter barnevernlova § 4-12.

Det er utarbeidd tiltaksplan for alle barn med tiltak etter barnevernlova. Tenesta er mykje inne i familiane med råd og rettleiing, og ser gode resultat av dette.

## **Planar og utfordringar framover**

- Oppfølging av vedteken planstrategi i kommunestyret i 2012, sak K-14/12, medrekna plan for folkehelse i Vang til behandling i 2014..
- Vedtak på rullert samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen i 2014.
- Økonomisk balanse i den kommunale drifta.
- Ståande vurdering og forvaltning av kommunen sine kraftrettar.
- Internkontroll – samarbeidsprosjekt med dei andre Valdreskommunane. Oppstart av nytt elektronisk system, Kvalitetslosen, i 2014.

# SKULE OG KULTUR

Etatsleiar: Skule- og kultursjef Jon Eggen

## Målsetjingar

- Grunnskule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulane skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innafor tildelte budsjetttrammer.

## Hovudarbeidsområde

Barnehage, grunnskule med skulefritidsordning, kulturskule, vaksenopplæring, allment kulturarbeid, bibliotek, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid og motorferdsel i utmark. Frå 2013 er frivilligsentralen lagt til etaten. Årsmelding for kyrkjene er også teke med her.

Talet på tilsette i 2013 var 121 + 9 ungdommar i sommarhalvåret.


Dette utgjorde ca. 73 årsverk.

## Økonomi

Ansvar 200-290		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	60 346 000	60 342 000	4 000	0,0
	Inntekter	-17 258 000	-11 565 000	-5 693 000	49,2
	Netto driftsutgifter	43 088 000	48 777 000	-5 689 000	-11,7
Investeringsutgifter		2 799 000			

Som ein ser er det ei kraftig meirinntekt, medan utgiftsnivået er som budsjettert.

Hovudforklaringa til meirinntektene er sluttoppgjøret etter fem års drift av felles introduksjons-senter for Vang og Vestre Slidre (IVV). Med gode statlege stønads-ordningar har denne verksemda gått med årlege overskot på ca. 600 000 kr. Dette var avsett til fond i Vestre Slidre kommune sin rekneskap.



Ved sluttoppgjøret vart fondet delt likt mellom kommunane, der vår del utgjorde 3,3 mill. kr. Ytterlegare meirinntekter på 700 000 kr er knytt til undervisning av språklege minoriteter.

Det er også meirinntekter knytt til refusjon av sjukeløn og svangerskapspermisjonar på ca. 460 000 kr og redusert bruk av vedlikehaldsmidlar på 456 000 kr. Denne innsparinga er knytt til VBU, der vi har stoppa planlagd vedlikehald etter vedtaket om utbygging.

For etaten sine driftsutgifter vart det derimot fullt samsvar:

Med driftsbudsjett på 60 mill. kr tilsvarar 4180 kr i meirutgifter eit "avvik" på 0,07 promille!

## Skule- og kulturkontoret

På skule- og kulturkontoret er det etatssjef, konsulent, barnehagestyrar og kulturskulerektor.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektorar, inspektør og biblioteksjef. Dei tillitsvalde deltek også på nokon av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Det regionale samarbeidet gjennom eigne forum for skule, barnehage, kulturskule og kultur fungerer godt men er tidkrevjande.

*I det følgjande blir det presentert eit redigert utdrag av kvar enkelt eining si årsmelding. Dei fullstendige årsmeldingane er tilgjengeleg på skule- og kulturkontoret.*

## Barnehagane

Vang har full barnehagedekning. Barnetalet auka frå 75 i 2012 til 80 i 2013, og 27 av desse følgde skuleåret (15 i 2012). Vang ligg på fylkestoppen når det gjeld andel av eitt- og to-åringar i barnehage – 88,9 %. Hausten 2013 var det 16 minoritetspråklege barn i barnehagane.

Årsplan forma som kalender vart laga også i 2013, noko som foreldre og andre set pris på.

Kvart år prioriterer barnehagane eit av fagområda i rammeplanen. I 2013/2014 er hovudtemaet *barns trivsel – vaksnes ansvar*. Rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet blir lagt til grunn. Vi vil m.a. leggje vekt på sosial kompetanse som grunnlag for trivsel i barnehagen. Utvikling av eit godt psykososialt barnehagemiljø vil hindre grobottn for utestenging og erting. Barn må bli sett, høyrte og bekrefta av kompetente og omsorgsfulle vaksne.

Fredheim barnehage flytte til Åsvang naturbarnehage 27. mai, og dei to barnehagane vil vere under same tak til ein ny Fredheim barnehage står klar til innflytting i august 2015. På Åsvang klarer vi å huse 44 barn på ein god måte. Det er rikeleg med plass inne og ute.

Øye barnehage har 13 barn i alderen 1-5 år, og her er det også god plass etter at skulen er nedlagd.

Ryfoss barnehage har 23 barn og byrjar no å bære preg av lang tids bruk. Det er derfor ønske om oppgradering eller flytting til nye lokale på Høre skule. Kommunestyret har gjort vedtak om å utgreie dette.

Medarbeidarsamtaler, foreldresamtaler og observasjonar syner at både barn og vaksne trivst og utviklar seg i alle barnehagar.

Det er mangel på utdanna pedagogar. Dette barnehageåret er ca. 400 % stilling dekt av fagarbeidarar på dispensasjon. Vi må auke innsatsen med å få fleire søkjarar til barnehagelærarstillingar, og støtte opp om dei som ynskjer å gå i gang med desentralisert utdanning.

## Skulane

Talet på elevar i grunnskulen har dei siste åra gått jamt nedover. I 1999 var det 228 elevar i grunnskulen i Vang, inneverande skuleår er talet 172. Dette gjev ein reduksjon på 56 elevar dei siste 15 åra. Denne nedgangen gjev i følgje KS sine berekningar ein årleg reduksjon i statlege overføringar til Vang kommune på min. 4,5 mill. kr. Utifrå fødselstala dei siste åra vil elevtalet gå ned til ca. 165 i 2020.

Skulane viser i sine årsmeldingar til at dei har hatt eit godt arbeidsår. Faste rapporteringsrutinar knytt til kvalitetsvurdering og HMS gjev god oversikt over læringsutbytte og skulemiljø. Der det er nødvendig arbeider vi med forbetringar. Personalsituasjonen er god med eit solid og godt kvalifisert personale.

Leksehjelp for 1. til 4. kl. har stor tilslutning ved alle skulane og fungerer godt.

**Øye skule** vart nedlagd i 2013. Dette var trist både for små og store i krinsen, men heldigvis har dei som har flytt til VBU vorte godt mottekne og funne seg godt til rette der.

**VBU** hadde ei fin heving av resultatata i nasjonale prøver i 2013. Elevane ligg på landsgjennomsnittet i engelsk og lesing, og rett under i rekning. Det har vore satsa mykje på lesing som grunnleggjande ferdigheit, og ein ser at dette har gjeve resultat. Avgangskullet i 2013 hadde eit flott resultat med 43,7 i grunnskulepoeng. Dette er godt over landsgjennomsnittet på 40,0 – og godt over dei andre Valdreskommunane. Dette gjev inspirasjon både til lærarar og elevar!

Andelen elevar med spesialundervisning har byrja å gå ned, og frigjorte ressursar blir nytta til god tilpassa undervisning som kjem alle elevar til gode.

Det er ønske om å auke den administrative ressursen på VBU. Det er store krav til formalisering av system og rutinar, og mykje av tida til rektor går med til formell saksbehandling som enkeltvedtak og oppfølging av desse. Tida til fagleg leiing og utvikling blir knapp.

Skulen har hatt tilsette på fleire kompetansehevande tiltak: Kurs for opplæring av minoritetsspråklege elevar, kurs i spesialpedagogikk nasjonale samlingar for rektor og ressurslærar i samband med kompetansehevingsprosjekt i klasseleiing; *ungdomstrinn i utvikling*.

Byggeperioden på VBU dei to komande skuleåra inneber store utfordringar. Neste skuleår blir elevane fordelt mellom tre skular: Småskulesteget til Øye, mellomsteget til Høre og ungdomsteget på VBU. Det blir viktig med god oppfølging av tilsette. Vi håpar perioden vil bli positiv med tanke på samanslåinga. Våren 2015 og hausten 2016 vil vi måtte drive skule til dels utan spesialrom ved VBU. Dette vil også bli ei utfordring som krev fleksibilitet og kreativitet. Trass i mellombelse utfordringar er det stor grunn til å gle seg til det nye anlegget står ferdig!

**Høre skule** er femdelt; tredelt småskulesteg og todelt mellomsteg. Både undervisningspersonale og assistentar har lang røynsle og gjer ein solid jobb. Dette året har vi hatt ekstra fokus på basisfaga, noko vi ser god verknad av. Pedagogisk utviklingsarbeid er ein del av våre faste møte og vi arbeider for å finne gode system for oppfølging og gjennomføring av vurdering. Elevane deltek i samarbeidsutval og miljøutval. Gjennom elevråd har dei høve til å påverke vedtak. Elevane har gjennom FYSAK og kroppsøving fysisk aktivitet kvar dag. Elles vektlegg skulen kompetanseutvikling og oppfølging innan IKT.

I desember 2013 vedtok kommunestyret på nytt at Høre skule skal leggjast ned og at alle grunnskuleelvene i Vang skal samlast på VBU. Til den tid blir det heller meir aktivitet på skulen, då mellomsteget frå VBU skal slåast saman på Høre frå august 2014. Sjølv om bygginga på VBU startar fyst i november/desember, er dette noko dei tilsette ser positivt på med tanke på kontinuitet i skuleåret, faglig progresjon og ein gjennomgåande årsplan.

## Skulefritidsordning

Alle skulane har skulefritidsordning etter skuletid for 1.- 4. årssteg, VBU også om morgonen. Ca. 25 barn nyttar dette tilbodet.

## Logoped

Dette skuleåret får 20 barn regelmessig logopedhjelp; 13 i grunnskulen og 7 i barnehagane. Tenesta er no organisert gjennom PPT Valdres, med unntak av 20 % stilling som er helde att til bruk i Vang. Etter omorganiseringa brukar logopeden meir tid til å rettleie personalet i skule og barnehage, slik at dei kan følgje opp og gjennomføre treningsopplegg med barn som har behov for hjelp. I årsmeldinga si peikar logopeden på at kapasiteten er for lita og at ikkje alle barn får den hjelpa ho meiner er nødvendig.

## Kulturskulen

Kulturskulen hadde 86 elevplassar i haustsemesteret fordelt på 57 elevar, noko som utgjer 33 % av elevtalet i grunnskulen.

Dei mest populære disiplinane dette skuleåret er kor med 20 elevar, showdans og gitar med 14 elevar kvar, piano med 9 elevar og hardingfele med 7 elevar. Det er høgt nivå på elevprestasjonane, og elevar frå Vang har dei siste åra gjort ein god innsats m.a. på ungdommens kulturmønstring (UKM). Elevar frå kulturskulen har hatt innslag på 21 arrangement i 2013.

## Vaksenopplæringa

Opplæring av vaksne innvandrarakar var fram til 31. desember organisert gjennom Introduksjonssenteret for Vang og Vestre Slidre. Fullt belegg på Vang mottakssenter gjer at vi har mange elevar og stor aktivitet.

Omfanget av spesialundervisning for vaksne er omtrent som tidlegare. Vaksenopplæringa gir moglegheit for intensiv øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheiter. Undervisninga skjer i lokala på Lund, på VBU, utandørs i ulike miljø og i bustadane til elevane.

## Idrett og friluftsliv

Også i 2013 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 ruter på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka. Ein digitalisert utgåve av boka vil vere klar i løpet av 2014. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslaga, vedlikehald, slått og stell på Tveit stadion, støtte til FK Vang i samband med deltaking på *Norway Cup* og idrettsstipend til ungdom.

## Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.

I 2013 vart det behandla 18 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark. 13 av søknadane vart godkjende og 5 avslegne.

## Ungdomsarbeid

I 2013 har vi m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: Ungdomsrådet, ungdomsklubben, Jotnerock, ungdommens kulturmønstring, idrettsstipend til ungdom, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som vi kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp.

## **Kino**

Det har vore mange fine kinoopplevingar i auditoriet med Bygdekinoen, med gjennomsnittleg 46 besøkjande pr. framsyning i hausthalvåret. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei har fått i gang att eit kinotilbod i Vang!

## **Kulturvern**

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisningsopplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

## **Kultur og næring**

Klokkehaugen er ein kombinasjon av kafé, "fjellbutikk" og generell turistinformasjon. Besøkstala sist sommar var gode, og vi får mange positive tilbakemeldingar. I arbeidet med næringsutvikling er kultur eitt av satsingsområda. Kulturvern og tilrettelegging for friluftsliv må sjåast i samanheng med dette.

## **Arrangement og økonomisk støtte**

Skule- og kulturetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: Jotnerock, Ungdomens kulturmønstring, klubbkveldar, utstillingar, konsertar og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg godt over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte til lokale lag, tiltak og arrangement, og vi har halde dette nivået også i 2013.

## **Bibliotek**

Målsetjinga for biblioteket er å vera ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda.

Det er bygd om på biblioteket slik at Frivilligsentralen kunne flytte inn. Denne samlokaliseringa fungerer bra. Medrekna frivilligsentralen hadde biblioteket 19 000 besøk i 2013. Året før var det registrert 15 000 besøk. Totalt utlånte medium i 2013 var 6209, (10 072 i 2012).

I galleriet har det vore utstillingar, filmframsyningar, informasjonsmøte om biblioteket for Vang Mottakssenter og mange andre arrangement.

Biblioteket samarbeider godt med dei andre Valdres-biblioteka.

Utlånet har gått ned for skjønnlitteratur, lydbøker og film for barn, ungdom og vaksne. I 2013 har utlån til barn gått ned med 26 %. Vi må arbeide for å snu eit dalande utlån av barne- og ungdomsbøker. Biblioteket ynskjer å møte denne utviklinga med god formidling og kompetanse, og det er ynskje om å auke noverande 0,36 assistentstilling til ei halv stilling for barne- og ungdomsbibliotekar.



## Frivilligsentralen

20. mars 2013 vart Vang frivilligsentral opna med presse og nærare 60 personar framført. Sidan har sentralen halde ope tre dagar i veka.

Internett: [www.vang.frivilligsentral.no](http://www.vang.frivilligsentral.no)

Facebook: [www.facebook.com/VangFrivilligsentral](http://www.facebook.com/VangFrivilligsentral)



Hovudutval for Levekår er årsmøte for frivilligsentralen og Carl Philip Weisser er styreleiar. Det har vore 6 styremøte i 2013.

Sentralen har i 2013 fått 310 000 kr i tilskot frå Kulturdepartementet og i tillegg klart å utløyse 507 000 kr i prosjektmidlar.

### **Frivillige:**

66 har registrert seg, og 10 andre er rekruttert til spesifikke oppgåver. Av desse er 48 menn og 28 kvinner – 48 bufaste og 28 som bur på mottaket. Ca. 30 % er under 30 år, ca. 40 % 30-60 år, og ca. 30 % over 60 år.

### **Tilbod:**

Leksehjelp, turven, språkkontakt, hjelpetenester, besøksven, velkomstven.

### **Arrangement, prosjekt og måloppnåing:**

Mykje i samarbeid med biblioteket har vi gjennomført 20 arrangement og prosjekt, med til saman om lag 270 deltakarar/framførte.

Eldre og hjelpetrengande:

Fleire kjenner til tilbodet om hjelpetenester og melder inn ulike behov. 25 oppdrag er løyst.

Asylsøkjjarar:

Verkstader, arrangement, fleirkulturelle treff, samtalegrupper. Det viktigaste for mange er sjølv å få bidra som frivillig, og dette er ein uvurderleg ressurs for sentralen!

Nyinnflytte: Velkomstvenner, presentasjon på Fredagskos, informasjon og brosjyre m.m.

Barn og unge: Verkstader, eventyrstund og tilbod om leksehjelp.

Det har vore eit spanande og innhaldsrikt første-år for Vang Frivilligsentral. Vi er veldig nøgde med samarbeidet med biblioteket og har fått mykje "gratis" ved å vere lokalisert ved ein etablert møteplass. Nye brukarar tek kontakt, og vi får nye frivillige.

*Full versjon av årsmeldinga finn du på frivilligsentralen si heimeside.*

# KYRKJE

## Målsetjingar

- Best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette
- Aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge
- Legge til rette for besøkande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket
- Auka informasjon og synleggjering

## Vang prestegjeld og Kyrkjeleg fellestråd

- I kyrkjene vart det halde 73 gudstenester med i alt 3793 deltakarar, 12 døypte, 20 konfirmererte, 9 par vigde, 12 gravlagt, og 11 konsertar med 1056 tilhøyrarar.
- Kyrkjeleg fellestråd har hatt 3 møte og behandla 17 saker. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på 121 000 kr.
- Kyrkjerådet sende ut *Det livssynsåpne samfunn* på høyring. Fellestrådet gav eit svar som utmerka seg og førte til stort oppslag i avisa Vårt Land.
- Ny salmebok vart kjøpt inn i alle kyrkjer og teke i bruk frå 1. søndag i advent.
- Trusopplæraren sa opp stillinga si i haust, og Guro Hovda har steppa inn på timebasis. Vang har hatt gode opplegg for trusopplæringa i mange år. Dei seinare åra har *lys vaken* for 11-åringar, *tårnagentar* for 8-åringar, *alle gode ting* for 6-åringar, og *babysong* vore gode og populære aktivitetar.
- Alle fire sokn hadde val i haust, og det vart godt gjennomført.
- Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje har vore opne med omvisar, og St. Tomaskyrkja har vore open utan omvising. Øye hadde ein svak nedgang i besøket og i Høre ein svak auke. Valdres Destinasjon står for administrasjonen, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Eit regionalt stavkyrkjeforum ser på fellestiltak som omvising og kursing.
- Onsdagskafèen i Drengestøga held fram.

## Vedlikehald og utbetringar

- Ny trapp med rullestolinnang til Vang kyrkje er ferdig. Nye lydanlegg til alle soknekyrkjene vart kjøpt inn og installering vart starta. Heensåsen kyrkjegard fekk trapp ved den nye nedgangen, – no manglar berre rekkverk og tilsåing.
- Vedlikehaldslista blir teke opp ein gong i året, og tiltak blir meldt til teknisk etat. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane vert det gjort mykje praktisk arbeid.
- Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen er godt, og utekarane i teknisk etat og kyrkjegardsarbeidaren samarbeider om mykje dagleg vedlikehald. I Vang og på Heensåsen vart store tre rundt kyrkjene felt, og Vang kyrkje fekk reparert taket.
- Reguleringsplanen Øyebakkin er ikkje ferdig. Riksantikvaren (RA) og fylket vil ikkje godkjenne noko bygg på stavkyrkjesida av E16. Kommunestyret har vedteke å prioritere tiltaka som er viktige for ordinær kyrkjedrift; ny veg, parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden. Vassforsyning/brannsikring og teknisk rom/servicebygg må utgreiast meir.

# PLANAR OG TILTAK FRAMOVER

## Barnehagane

- Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø
- Rekruttere nye barnehagelærarar og legge til rette for kompetanseutvikling hjå dei tilsette

## Skulane

- Følgje opp kommunestyrevedtaket om endring av skulestrukturen og utbygging av VBU
- Legge til rette for kompetanseutvikling hjå dei tilsette
- Redusere behovet for spesialundervisning gjennom tidleg innsats og god tilpassa undervisning
- Legge til rette for eit godt elev- og skulemiljø

## Kulturskulen

- Vidareutvikle kulturskuletilbodet og drøfte tettare samarbeid med nabokommunar

## Vaksenopplæringa

- Få ei god drift av det nyoppretta introduksjonsenteret for Vang

## Kultur

- Støtte opp om ungdomsrådet og følgje opp tilrettelegging av fritidstiltak for ungdom
- Følgje opp gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Fullføre prosjektet med digitalisering av turhandboka, og utarbeiding av ei digital kunnskapsbase for Vang
- Vidareføring av Kongevegprosjektet
- Nødvendig vedlikehaldsarbeid på Leinekvernene
- Stimulere til, og støtte vedlikehald og istandsetjing av gamle bygningar og bygningsmiljø
- Stimulere til, og støtte forskjønning- og trivselstiltak
- Ta initiativ til og støtte ulike kulturarrangement

## Biblioteket

- Vidareutvikle biblioteket til ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod

## Frivilligsentralen

- Fleire frivillige spesielt i Øye, Ryfoss og på Hensåsen og oppleving av at frivilligsentralen hører heile kommunen til
- Fleire språkkontaktar og velkomstvener/bulystvener til flyktningar og innvandrarar

## Kyrkja

- Arbeide vidare med reguleringsplanen på Øyebakkin, og få løyvd midlar til arbeidet
- Utvikle dei gode kyrkjelege tiltaka for barn og unge
- Reparere kyrkjegardsmuren i Vang, og sjå over andre murar
- Sluttføre arbeidet i Høre med parkeringsplass og 1000-årsstad
- Arbeide for at Valdres Destinasjon kan halde ope baa stavkyrkjene
- Samarbeid med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak
- Gjera kyrkjer og kyrkjelege aktivitetar meir kjent for turistar

# HELSEAVDELINGA

Leiar: Kommuneoverlege Sidsel Offergaard Jevne

## Hovudarbeidsområde

- Allmenn individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgstenestelova: Legeteneste, fysioterapi, ergoterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste
- Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral
- Miljøretta helsevern
- Medfinansiering av somatiske sjukehusenester.

Talet på fast tilsette var 19 personar i 2013. Dette utgjorde 11,9 årsverk.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar ved legekantoret.

## Økonomi

Ansvar 310-319	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
			kr	%
Driftsutgifter	12 948 000	13 328 000	-380 000	-2,9
Driftsinntekter	-4 396 000	-4 054 000	-342 000	8,4
Netto driftsutgifter	8 553 000	9 274 000	-721 000	-7,8


Netto mindreforbruk er delvis forklart av høgt aktivitetsnivå på legekantoret med høgare pasientinntekter enn forventa, dels av sjukmelding og vakanse utan motsvarande bruk av vikar.

Dagsenteret i psykiatritenesta har vore rimelegare enn budsjettert. I tillegg er det generelt mindreforbruk på dei fleste område.

## Legekantoret

Legetenesta er utført med to faste legar og ein langtidsvikar (gjennomsnittleg halv tid) fram til 1. september, deretter tre faste legar. Med full legebemanning er det høgt nivå på individretta førebyggjande tenester og god kapasitet på kurative tenester, og terskelen for å få rask hjelp ved behov er sær s låg. Det er likevel stor etterspurnad og til dels høgt tempo.

Administrativt arbeid tek mykje tid, så det har framleis ikkje vore mogleg å få utført alt ønskeleg samfunnsmedisinsk arbeid. Individretta førebyggjande arbeid er prioritert, og tilsyn med sjukeheimen har vore utført tilsvarende 25-30 % stilling. Med samhandlingsreforma sitt krav til auka medisinsk innsats og kompetanse er dette i minste laget.



Stillingsheimelen for hjelpepersonell ved legekantoret er liten. Situasjonen er spesielt sårbar ved ferie og anna fråvær, då også vikarmoglegheitene har vore små.

Sjukepleiaren ved asylmottaket opplever stort press, og stillingsressursen på 80 % er i periodar for liten.

Det er utarbeidd system for internkontroll – HMS og kvalitetsarbeid. Det har mangla tid til å vedlikehalde og vidareutvikle, sjølv om dette er ei prioritert oppgåve for å sikre godt arbeidsmiljø og god kvalitet på tenestene. Vernerunde har avdekt ein del tilhøve som bør rettast, men det har ikkje vore kapasitet til å følgje opp dette i tilstrekkeleg omfang. Det er starta arbeid med ROS-analyse.

Gjennomføring av vedtaket om å samle all legevaktteneste på Fagernes vart utsett til 1.1.2014, av grunnar som Vang kommune ikkje har vore herre over.

Utgiftene til medfinansiering av somatiske sjukehusenester har vore noko større enn budsjettet.

## **Helsestasjon og skulehelseteneste**

Denne tenesta er utført med 1,5 årsverk. Dette sikrar barn og unge helsefremmande og førebyggjande arbeid av høg kvalitet. Det er spesielt fokusert på helseopplysning til foreldre, og støtte til meistring og positiv utvikling hjå barn og unge. Det er utstrekt tverrfagleg samarbeid med andre yrkesgrupper, som skule og PPT. Spesielt viktig er samarbeid med psykisk helse-teneste overfor skuleungdom, både for generell førebygging og for å fange opp enkelt-ungdommar med spesielle behov. Dette er avgjerande for å bidra til ein god oppvekst for alle.

Helsesystemtenesta er også sentral i det rusførebyggjande arbeidet. Helsesystemene deltek i vidareutdanning i respektive psykososialt arbeid med barn og unge og opplæringsprogrammet *Tidlig inn* om barn av foreldre med rusproblem eller psykiske problem.

Fylkesmannen hadde tilsyn med helsestasjonstenestene til barn 0-6 år. Det kom ein del merknader som samla utgjorde eitt avvik. Dette vart lukka ved innhenting av etterslep og noko endring i rutinar.

Det er interkommunal jordmorteneste knytt til Valdres fødestogo.

## **Fysioterapi og ergoterapi**

Dei bemanningsmessige problema frå 2012 forplanta seg delvis vidare i 2013. Det er inngått 40 % driftsavtale med ein ny fysioterapeut med psykomotorisk fysioterapi som spesialitet, så frå 1. september har det vore 2 årsverk for fysioterapeutar att. For skulehelse var det eit etterslep som ikkje let seg hente inn, men elles normaliserte situasjonen seg i løpet av 2013.

Fysioterapitenesta er framleis ikkje kopla opp mot Norsk Helsenett, så ein del administrative rutinar er meir tidkrevjande enn nødvendig.

Engasjementet i kvardagsrehabilitering er lagt på is, fordi det ikkje er forankra i organisasjonen. To av fysioterapeutane deltek i interkommunalt samarbeid om barnefysioterapi.

Ergoterapeuten har hatt permisjon frå 1. september, med full innleige av vikar. Dette inneber at ergoterapeutens innsats i skrivedans er mellombels innstilt, men det kan bli gjort ekstra innsats på hjelpemiddelområdet.

Fysio- og ergoterapitenesta er godt budd på oppgåver som måtte kome med samhandlingsreforma/lokalmedisinsk senter og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver innan kort tidsfrist.

## Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste er retta inn mot menneske med psykiske lidingar og konsekvensar av dette hos den enkelte, deira familie og nettverk. Tilvisingar kjem oftast frå fastlegane, men enkeltpersonar kan også ta kontakt direkte med tenesta. Det er også eit viktig mål å gjere godt førebyggjande arbeid på individ-, gruppe- og systemnivå. I 2013 har det vore sterkt fokus på born med store oppvekstbelastningar pga. foreldre med psykisk sjukdom og/eller rusproblem. Psykisk helseteneste, saman med helsesyster og barnevern, har derfor delteke i Sjukehuset Innlandet sitt prosjekt *Barnet i mente*, som skal gje kompetanseheving innan dette området. Prosjektet strekker seg til 2014.

Bemanning i psykisk helseteneste har i 2013 vore noko lægre pga. eit vikariat, studiepermisjon og sjukefråvær. Totalt har ein hatt 2,1 årsverk sjukepleiarar for individualsamtalar og oppsøkjande verksemd. Dagsenteret blir drive av ein miljøterapeut i samarbeid med sjukepleiar. Senteret er lokalisert ved Lund og er ope to dagar i veka.

## Frisklivssentralen

Frisklivssentralen er godt etablert. I 2013 var det 30 nye brukarar i tillegg til dei som vart vidareført frå tidlegare. Brukarane vart i hovudsak tilvist frå lege, men ein del har teke kontakt sjølve. Dei fleste ynskjer fysisk aktivitet, men det er også fleire som ynskjer fokus på kosthold. Frisklivssentralen tilbyr individuell rettleiing knytt til røykeslutt.

Det er arbeid med å marknadsføre frisklivssentralen til ulike avdelingar i kommunen, og det er behov for å auke stillinga for frisklivsretteleiar utover 20 %.

## Folkehelse

Primærmålgruppa for folkehelsearbeidet er leiarar på alle nivå i offentleg, privat og frivillig sektor. Elles er målgruppa folket i Vang, særleg dei som er lite fysisk aktive.

Folkehelsearbeidet skal medverke til at flest mogleg driv idrett og fysisk aktivitet ved å ta initiativ, koordinere og stimulere til samarbeid og samhandling på alle nivå. Hovudmålet er å auke talet på barn og unge som er fysisk aktive i minst 60 minutt og vaksne/eldre som er aktive i minst 30 minutt kvar dag. Fokus i 2013 har vore på gjennomføring av trim for tilsette i kommunal sektor, *Bra Mat*-kurs og røykesluttkurs i samarbeid med Valdres-kommunane, gjennomgang av eksisterande turmål i Vang; planlegging og skilting og klopper til nye og eksisterande turmål – i samarbeid med VNK og frivillige. Og planlegging og oppfølging av bru over Skakadalselva.

Ny folkehelselov har vor følgd opp m.a. gjennom arbeid i ei arbeidsgruppe for å lage ein folkehelseplan – i samarbeid med ulike instansar i kommunen, med folkehelsegruppa i Valdres og i Oppland fylke. Det er framleis ei 20 % folkehelsestilling og ei tverrfagleg styringsgruppe.

Arbeidet med folkehelseoversikt for kommunen har trekt i langdrag, fyst og fremst fordi fylkeskommunen ikkje har fått ferdigstilt sitt oversyn for Vang før i 2014.

## **Planar og tiltak framover**

2012 var fyste året med samhandlingsreforma. Denne stiller større krav til kompetanse og kapasitet i kommunehelsetenesta, både førebyggjande og kurativt, og for pleie og omsorg. Lovpålagte samarbeidsavtalar mellom kommunen og Sjukehuset Innlandet er underteikna, med større krav til samarbeid både internt i kommunen og mellom kommunen og andrelinjetenesta. Avtalene er revidert i 2013, etter røynsler det fyste året.

Det blir auka fokus på førebygging. Folkehelselova seier at heile kommunen – ikkje berre helsetenesta – har ansvar for dette. Det skal utarbeidast skriftleg oversyn over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som kan verke inn på den. Dette oversynet skal vera eit viktig grunnlag for all planlegging i kommunen. Arbeidet med ein eigen plan for folkehelsearbeidet har starta.

Kommunal medfinansiering av sjukehustenester er kostbart. Om færre personar får livsstilsjukdommar (t.d. hjarte-karsjukdommar og diabetes type 2) kan ein tru på reduserte utgifter. Større satsing på Frisklivssentralen med auka stilling for frisklivsretteleiar kan vera gunstig. Store summer går også til behandling av sjukdommar som kommunen ikkje kan førebyggje.

# IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Leiar IHT: Guro Råheim Kvam

## Målsetjingar

Best mogleg sikre kommunen sine innbyggjarar god helse; fysisk, psykisk og sosialt.

- Yte naudsynt, fagleg forsvarleg helsehjelp og sosiale tenester av god kvalitet tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Oppretthalde differensierte bu- og institusjonstilbod av god kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Driftstilpassing i høve til demografisk utvikling, endringar i behov for pleie- og omsorgstenester, dimensjonering av tenestene for å møte framtidige utfordringar.
- Implementere sjukeheimslegeordninga jf. KS 108/07.
- Utarbeide tenestestandardar og serviceerklæringar for tenestane.
- Jobbe aktivt for å rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper og regionale kurs.
- Kvalitetssikre saksbehandling og dokumentasjon og å halde fram arbeidet med gode rutinar og sikringssystem på dette området.
- Kvalitetssikre IPLOS- og KOSTRA rapportering.
- Arbeidsmiljø og HMS – oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
- Aktiv deltaking i prosjektet *Samhandling i Valdres*
- Deltaking i *Sam-Aks* prosjektet:  
Kompetanseheving i høve til pasientar med demenssjukdom.
- Førebu og implementere samhandlingsreforma: Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som har behov for vidare helsehjelp i kommunen

## Hovudarbeidsområde

Tabellen til høgre viser fordelinga av tilsette.

Miljøtenesta har i tillegg 32 støttekontaktar og avlastarar.

### Vangsheimen:

26 langtidsplassar,

8 korttidsplassar, ein tryggleiksplass, dagsenter, kjøken/kantine og vaskeri.

**Heimeteneste:** Heimesjukepleie og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

**Butilbod:** 14 omsorgsbustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

**Miljøarbeid:** Tilretteleggje for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov.

Tilsette Årsverk

Leiing og stab	8	6,55
Vangsheimen, dagsenter, heimetenester	86	43,75
Miljøtenester	53	23,24
Kjøken, reinhald, vaskeri, vaktmeister	13	8,8



## IHT 2015

Endringsprosessen IHT 2015 har vore det store prosjektet i 2013. Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om nedbemanning av 8-10 sjukeheimplassar og styrking av heimetenesta og ressursgjennomgang i miljøtenesta har vore krevjande. Prosessen er gjennomført utan ekstra ressursar.

Leiinga IHT har vore styringsgruppe. Det har vore tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Det vart gjennomført ein felles temadag med HaVaBHT om endringsprosessar for leiarar, verneombod og tillitsvalde våren 2013. Informasjon er gjeve gjennom personalmøte, informasjonsskriv og samarbeidsmøte mellom tillitsvalde, verneombod og leiinga.

Fleire arbeidsgrupper med tilsette og tillitsvalde har utarbeidd bemanningsplanar, framlegg til bruk av bygget, og har kome med innspel til tenestebeskrivingar. Alle fast tilsette har hatt høve til å levere inn ynskje for ny turnus. No blir det utarbeidd nye turnusar for to langtidsavdelingar, korttid/heimetenesta og miljøtenesta. Endringane skal tre i kraft frå 1. mai 2014.

Tilpassing av tenestene i høve til Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) er også eit element. IHT har tre medlemmer i prosjekt *Samhandling i Valdres* (SiV), som skal førebu oppstart av VLMS.

Interkommunalt samarbeid forgår på stadig fleire område. IHT deltek i mange regionale faggrupper og forum.

## Administrativt behandla saker etter helse- og omsorgstenestelova

Vangsheimen: Langtidsopphald	4	Korttidsopphald	46
Avlastingsopphald	14	Tryggleiksplass	1
Heimesjukepleie	25	Dagsenter	4
Heimehjelp/praktisk bistand	14	Avlasting utanfor institusjon	7
Omsorgsbustad	5	Brukarstyrt personleg assistanse	2
Tryggleiksalarm	10	Miljøarbeid/praktisk bistand	3
Omsorgsløn	1	Støttekontakt/avlastning	22
Parkeringsbevis for rørslehemma	3	Matombringning	6
Transportteneste for rørslehemma (TT-lappar)			3

Dette er vedtak om nye tenester.

I tillegg kjem mindre endringar i eksisterande/vidareførte tenester.

## Økonomi

Ansvar 320-339	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
			kr	%
Driftsutgifter	65 411 000	66 474 000	-1 063 000	-1,6
Driftsinntekter	-15 729 000	-14 974 000	-755 000	5,1
Netto driftsutgifter	49 682 000	51 500 000	-1 818 000	-3,5

IHT har hatt meirutgifter til ekstra-hjelp/engasjement, overtid og ulempetillegg knytt til kortvarig fråvær: Velferdspermisjonar, utdanningspermisjonar, sjukefråvær og vakansar ein ikkje får dekt med fast tilsetjing eller fast vikar. I miljøtenesta er ekstrahjelp brukt til opplæring av mange nyttilsette.

IHT har hatt eit sjukefråvær på 9,1 % i 2013 (5,8 % i 2012).

5,2 personar har vore borte kvar dag i 2013 på grunn av sjukefråvær.

I tillegg kjem permisjonar. Dette fører til meirforbruk på m.a. overtid og ulempetillegg.

”Vikarbank” ved Vangsheimen er knytt til ekstravaktbudsjettet, og ein effekt er mindre bruk av sjukevikar.

Vangsheimen har hatt meirutgifter til bruk av bemanningsfirma for å sikre forsvarleg bemanning. Vi har brukt av vikarbudsjett for å dekke denne kostnaden, men bruk av firma er likevel noko dyrare enn normal bemanning.

Det er meirutgifter knytt til service- og vedlikehald ved Vangsheimen. Utfordringar med vatnet har gjeve meirutgifter for reparasjonar på maskiner og utstyr. Det har vore nytta konsulenttenester for å analysere problemet og gjere naudsynte tiltak.

Meirinntektene skuldast i hovudsak refusjon for ressurskrevjande tenester og tenestosal til Øystre Slidre. Støtte til utdanning frå *Kompetanseløft 2015* og sal av tenester til Vestre Slidre kommune var ikkje budsjettert.

Kommunen har teke imot alle pasientar med behov for tenester etter innlegging i sjukehus, og har ikkje betalt for liggedøgn.

## Vangsheimen


Vangsheimen har 34 plassar i einerom, fordelt på fire avdelingar. Det er 26 langtidsplassar og 8 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlastning og lindrande behandling. Det er ein tryggleiksplass i tillegg.

I 2013 var gjennomsnittleg beleggprosent 78 %; 84 % på langtidsavdelingane og 67 % på korttidsavdelinga. Tryggleiksplassen har hatt 8 % belegg. Samla beleggprosent har gått ned med 12,9 frå 2012.

Det har vore 55 korttidsopphald i 2013 mot 38 korttidsopphald i 2012. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 26,6 døgn i 2013, ein reduksjon på 26,1 frå 2012. Avlastingsopphald hadde ei gjennomsnittslengde på 4,6 døgn (auke på 1).

Langtidsopphald avslutta i 2013 hadde eit gjennomsnittslengde på 3,9 år (5,4 år i 2012).

Det er større gjennomstrøyming av pasientar på Vangsheimen no enn tidlegare. Vi jobbar for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå. For å gje pasientar rett tenestetilbod, har det vore naudsynt med meir intern flytting enn tidlegare. Det må vera kapasitet til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, og pasientar som har fått langtidsopphald må få plass på langtidsavdeling.



Redusert pasientbelegg har medført at personellressursane er brukt meir fleksibelt.

Prosjektet *Helsefagarbeidarutdanning i IHT – vikarbank og kompetanseheving* starta hausten 2012. Dette er eit 2-årig prosjekt der ufaglærte kan ta helsefagarbeidarutdanning i bedrift. Det er oppretta 4 prosjektstillingar i vikarbank for å dekkje akutt og kortvarig vikarbehov. Stillingane gjev samstundes dei tilsette praksis. Prosjektet er eit samarbeid med OPUS Valdres og starta med 16 deltakarar. Pr. 31.12. 2013 var det 12 deltakarar.

Vikarbanken på Vangsheimen skal evaluerast 2. halvår 2014.

Vang var også i 2013 med i *Sam-aks*; eit forskingsprosjekt initiert av Sjukehuset Innlandet Reinsvoll, med diagnostikk og behandling av pasientar med demens. Sjukehuset gjev våre tilsette opplæring i diagnostisering og rettleiing i demensbehandling, og bidreg med undervisning.

*Demensomsorgens ABC i Valdres* blir vidareført. 16 personar deltek i to studieringar på Vangsheimen (starta i 2012).

Fleire kurs er gjennomført: Eldreomsorgens ABC 3. år, fyrstehjelp, Profil for nybyrjarar og vidarekomne, KOMP-IS – kompetanseheving ift. informasjonssikkerheit, elektronisk meldingsutveksling, legemiddelhandtering, diabetes, smittevern og brannvern. Temadagar er gjennomført på kvar langtidsavdeling.

Etisk kompetanseheving er brukt på personalmøte og etter behov. Det har likevel vore utfordrande å ha god kontinuitet på dette prosjektet på grunn av fråvær.

Vangsheimen har framleis ei stabil personalgruppe, med mange tilsette med god kompetanse og lang erfaring. Fleire tilsette er under utdanning. Ein person fullførte helsefagarbeidarutdanning i 2013. Vi har no tre lærlingar i helsefag. Tre helsefagarbeidarar tek toårig fagskuleutdanning med fokus på geriatri, psykiatri og demens

To personar er under utdanning til sjukepleiar. Ein sjukepleiar har fullført vidareutdanning i geriatri, ein er i gang med vidareutdanning i kreftsjukepleie og ein med vidareutdanning i rus og psykiatri.

IHT hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet i oktober. Vangsheimen fekk avvik i høve til manglande risikoanalyse og handlingsplan. Dette arbeidet er gjennomført og tilbakemelding sendt Arbeidstilsynet i januar 2014.

Med full legedekning frå hausten 2013, er vi i mål med innføring av plan for legetenesta ved Vangsheimen.

**Dagsenteret** er eit godt og viktig førebyggjande tilbod til heimebuande eldre.

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi.

I 2013 har det vore 15 brukarar (tre nye) fordelt på to dagar (nedgang på tre frå 2012).

Fire av brukarane nyttar begge dagane.

Det har vore ulike aktivitetar, m.a. halvtimes trim kvar dag, song ein dag i veka i skuleåret gjennom kulturskulen, to konsertar med kulturskulen og elevar frå VBU, og tre konsertar gjennom Den kulturelle spaserstokken (m.a. Geirr Lystrup), andakt kvar månad, stølsmesse, fjelltur til Syndinstøga, julebord på Mjøsvang kafé, fem klede- og skosal, felles påskemiddag på Fjordstøga, olsokfeiring med rømmegrout, rullatortreff, rakfisklag, julebasar og romjulshygge. Det har også vore besøk av lokale lag og foreiningar: Vang sanglag, Høre mannskor, Øye og Fjellblomen sanglag, skulemusikken og seniordansen.

## Omsorgsbustader

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss, Grindatun og Bakkehaugen. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekantor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene mottek heimetenester på linje med andre heimebuande.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det tre ledige bustader.

## Heimetenesta

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det er seks 50 % stillingar tilsett som heimehjelp. Ein av heimehjelpene har koordinerande ansvar for tenesta.

Ved utgangen av året var det 131 brukarar i heimetenesta, ei auke på 20 frå 2012.

22 fekk heimesjukepleie, 57 praktisk bistand, og 52 både heimesjukepleie og praktisk bistand.

Heimehjelpene yter meir enkle pleieoppgåver enn tidlegare, noko som har samanheng med styrking av heimetenesta og fordeling av arbeidsoppgåver for å bruke ressursane betre (fagarbeidarar, sjukepleiarar). Heimehjelpene får meir varierte arbeidsoppgåver som kan vera førebyggjande mot belastningsskadar og gje betre trivnad.

Det tverrfaglege samarbeidet er styrka ved faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrkje det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphald. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørande bidreg til at pasientar kan bu lengre heime. Ved årsskiftet hadde korttidsavdelinga ingen langtidspasientar. Heimetenesta/korttidsavdelinga har hatt overforbruk på overtid, og dette har samanheng med vakanse i sjukepleiarstillingar.

Det nye systemet på tryggleiksalarmar fungerer bra og har gjeve ekstra tryggleik både for tenestemottakarar og personale.

Alle nye tiltak som er sett i verk i 2013 er ein oppstart på styrking av heimetenesta.

Vang deltek framleis i kreftsjukepleiarnettverket i Valdres, som er ei vidareføring av prosjektet *Lindrands behandling*.

## Miljøtenesta

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei næraste
- Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver

Talet på tenestemottakarar i 2013 var 28, med ulike samansette funksjonshemmingar.

Det er gjennomført kurs om helse- og omsorgslova kap. 9: *Rettsikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning*. Fagansvarlege har vore på to omfattande kurs. Regional nettverksgruppe innan miljøtenesta i Valdres har arbeidd med todagens kurs om målretta miljøarbeid og kap. 9, som vart halde i januar 2014.

Det har vore arbeidd med etisk refleksjon, rutinegjennomgang og oppfølging. Alle personalmøte har hatt fokus på brukarane sin integritet og førebygging av bruk av tvang og makt. Det er halde kurs om legemiddelhandtering, vergeteknikk, Notus turnusprogram og Profil – dokumentasjonssystem med fagansvarlege og burettleiar. Miljøtenesta er framleis med på prosjektet *Samarbeid om etisk kompetanseheving*.

Ein person er i 2013 ferdig utdanna vernepleiar og ein person er ferdig helsefagarbeidar. Desse jobbar både i miljøtenesta og pleie og omsorg. Seks tilsette frå miljøtenesta er med på prosjektet *Helsefagarbeidarutdanning i Institusjon- og heimebaserte tenester*.

**Bukollektiva** har felles burettleiar. Dette gjev tettare samarbeid og større fleksibilitet mellom bustadbasane, og det har vorte lettare å etablere felles kultur, retningslinjer og rutinar. Ved kvart bufellesskap er det også ein fagansvarleg vernepleiar. Det har vore utfordringar med fordeling mellom to arbeidsplassar/kontor, m.a. med oppdekking av vakter ved akutt fråvær, turnusoppfølging og oppfølging av personalet. Datasystem, som er funksjonelt og enkelt å kople opp mot arbeidsplassane, er vesentleg for å lette arbeidet.

Ein jobbar med felles turnus for basane, og med moglegheiter og kvalitetssikring med ny bemanningsplan. Tilsette viser stor fleksibilitet. Det blir arbeidd for å imøtekome ynskje om meir utfordring og fleksibilitet i arbeidet, og å halde personalet stabilt i tenesta. Felles turnus kan òg lette arbeidet for burettleiar.

**Lund arbeidsbase** gjev arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, psykiatri-tenesta, barnevernet, rusomsorga og flykningtenesta. Tidvis er det også arbeidstakarar via NAV som skal ha språk- eller arbeidstrening. Basen har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). ½ stilling som miljøarbeidar er dekt av omsorgsarbeidar fram til ny turnus startar i mai 2014. Lange permisjonsvikariat har vore dekt med fagleg kompetanse, slik at tilboda ved Lund har vore kvalitetssikra.

Leiinga IHT har bede om ein statusrapport for arbeidet ved Lund – om ;aktivitetar, brukargrupper, produksjon osv. Rapporten skal danne grunnlag for evaluering av arbeidsbasen. Denne rapporten er ikkje ferdigstilt.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette. Eks er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m.

## Planar og tiltak framover

- Oppfølging av politiske vedtak og planar
- IHT 2015:
  - Politisk behandling av tenestebeskrivingar, reduksjon av langtidsplassar og styrking av heimesjukepleia.
  - Nye bemanningsplanar er utarbeidd, og ny turnus skal setjast i verk frå 1. mai 2014.
- Naudsynt vedlikehald og oppussing ved Sy'garden og Midtgarden før 1. mai 2014.
- Opprette dagtilbod til demente
- Brukarundersøkingar

# LANDBRUK TEKNISK

Etatsleiar: Teknisk sjef Terje Hålien

## Målsetjingar

- Tilretteleggje for næringsutvikling.
- Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.
- Utføre lovpålagte oppgåver innafor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang.

## Hovudarbeidsområde

Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, drift av brann- og feiarvesen, kommunale vegar og gatelys, vatn/avløpsanlegg og renovasjon.

Talet på tilsette var 20 i 2013. Dette utgjorde 15,3 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres og 18 brannmannskap i deltidstillingar.

Arealplanleggaren har sagt opp stillinga og me er no inne i eit vikariat som går ut i mai/juni.

Medarbeidaren i den kombinerte planleggjar- byggesakstillinga gjekk dessverre bort etter lengre tids sjukeleie. Denne stillinga står no ubesett. Det vil bli gjort ei vurdering av både denne og oppsynsmannstillinga.

## Økonomi

Ansvar 400-490		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				kr	%
Driftsdel	Utgifter	22 564 000	24 548 000	-1 984 000	-8,1
	Inntekter	-17 701 000	-16 309 000	-1 392 000	8,5
	Netto driftsutgifter	4 863 000	8 239 000	-3 376 000	-41,0
Investeringsdel	Utgifter	1 997 000			
	Inntekter	-1 797 000			
	Netto inv.utgifter	200 000			

Innsparinga i høve til budsjettet skuldast m.a. auka inntekter av byggjesaksgebyr, oppmålingsgebyr, refusjon av sjukeløn og ubesette stillingar.

Bruk av dekningsgradsfond knytt til vatn og avløp på 1,2 mill. kr var ikkje budsjettet.

Det var også større inntekter og utgifter for tømning av slamavskiljarar som skal gå i null.

Det er gjennomført verne- rundar på Grindaheim reinse- anlegg og lageret. I tillegg er det gjennomført medarbeidar- samtalar.

## Bygningsavdeling

Det vart nedgang i byggje- løyve for nye hytter også i 2013. Det vart gjeve byggje- løyve for 16 nye hytter (22 i 2012).

Det er gjeve byggjeløyve for tre nye einebustader.

Dei fleste byggesakene omfattar tilbygg og ombygging og mindre bygningar. Nye landbruks- bygg har det ikkje vore i 2013.

Totalt er det behandla 122 byggjesaker etter delegert behandling, og 8 saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Det kom inn 331 000 kr i gebyr for behandling av byggjesaker (379 000 i 2012). Deknings- graden for behandling av byggjesaker (gebyrinntektene i høve til utgiftene inkl. del av felles kontorutgifter) er rekna til ca. 54 % (39 % i 2012).

Det er no ein person i 80 % stilling som arbeider med byggjesaker.

Det vart arrangert eit halv-dags kurs i nye byggereglar (lover og forskrifter) for entreprenørar i Vang i februar. Det er viktig å ha ein tett dialog og eit godt samarbeid mellom kommunen som bygningsmyndigheit og dei som utfører arbeidet ute.

## Arealplanlegging


Kommuneplanen vart lagt ut andre gong 19. februar, og det er framleis motsegner. Konsekvensutgreiingar og planføresegner mv. må endrast før planen kan leggjast ut att.

Kommunedelplan for Tyinkrysset er ikkje med i denne revisjonen. 2. mai vart det vedteke mellombels byggje- og deleforbod for område avgrensa av kommunedelplan Tyinkrysset (2005), slik at ein kan *vurdere arealbruken, utarbeide ny kommunedelplan og revidere eksisterande reguleringsplanar for området*. Revisjon av kommunedelplan Tyinkrysset vil skje etter godkjend kommunedelplan for resten av kommunen, og etter at avtale om felles- godefinansiering ligg føre. I mellomtida må nye utbyggingar/tiltak vurderast særskilt etter om dei er tilpassa masterplanen.

Statens vegvesen utarbeider framleis reguleringsplan for ein parsell av E16 (Kvamskleiva), medan strekninga Varpe bru–Smedalsosen har lege ute på anbod med planlagt byggjstart etter påske 2014. Det er roleg med private reguleringsplanar, men nokre planar i Tyinkrysset er venta, og vil då kunne bli politisk behandla snarleg.

### Stadfesta reguleringsplanar:

- Busshaldeplass ved Tyinkrysset (25. mai).
- E16 Varpebru-Nystuen; endring forbi Kola bru (7. juni).
- Massedeponi ved Varpe bru (7. juni).
- Tyinstølen, mindre endring (20. desember).



### **Reguleringsplanar under behandling:**

Kommunale/statlege: Øyebakkin, E16 Øye–Eidsbru og E16 Kvamskleiva

Private: Tyinkrysset med alpindel og Helges hytter

Det kom ikkje inn plangebyr i 2013.

## **Frådeling, oppmåling og kartlegging**

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova o.a. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkelansvarleg. Etter frådelingsløyve blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning.

Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova.

Det vart rekvirert 23 oppmålingsforretningar etter matrikkellova i 2013, men berre 12 av desse gjaldt nye tomter. Dette speglar manglande løysingar for vatn og avløp, store reservar av tidlegare oppmålte ubygdde tomter og marknaden for hyttebygging.

To rekonstruksjonar av gamle grenser/avtalar har enda i usemje, men kostar urimeleg mykje arbeid inntil det er klart at privatrettsleg avklaring er naudsynt. Elles aukar mengda av "privat avtale om eksisterande grense". Denne lovheimelen gjer det enkelt å få rette opplagte feil i matrikkelkartet utan krav om innmåling. Det trengst berre naudsynte underskrifter og dokumentasjon på grunnlaget.

I oppmålingsgebyr kom det inn ca. 463 000 kr, og av dette går 206 000 kr til staten i tinglysings- og dokumentavgift.

Felles GIS (geografiske informasjonssystem) for Valdres (VGIS) er i ordinær drift, tilsett i Vang kommune og med sektorleiarane i Valdres som styringsgruppe.

## **Bustadtiltak og vedlikehald**

Ledige bustadtomter: Tyinkrysset to, Høgeset fem, Lundsmarka/Nordigarden to, Bøaflata fire, Åsvang fem og Ryfoss tre. Steintræet bustadfelt er gjort klart med ni tomter. Her vart det tildelt to tomter i 2013. Det er også tildelt to tomter i Lundsmarka/Nordigarden og ei tomt på Åsvang. Det er gjeve kommunalt tilskot til fem bustader.

Universell utforming er utført i Vang og Høre kyrkje.

I 2013 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar, i tillegg til ein deltidstilsett arbeidsleiar. Denne ordninga fungerer bra.

## **Brann- og feiarvesen**

Det har vore 18 utrykkingar, 7 utrykkingar til trafikkulykker og 6 unødige alarmer. Ingen større brannar.

Valdres brannførebyggjande avdeling har gjennomført spesielt brannsyn i 25 av 28 objekt i Vang.

Det er feia 439 piper (410 i 2012) og utført 103 tilsyn av fyringsanlegg.

Dekningsgraden for feiarvesenet er 65 %, mot 55 % i 2012.

Det blir elles vist til eige årsmelding for brann- og feiarvesenet.

Sør-Aurdal og Vang gjekk saman for å få til røykdykkaropplæring i regi av Oslo brannvesen. Fem røykdykkarar gjennomførte denne opplæringa.



## Landbruk

Bruk med mjølkekyr:	48 (46)	Mjølkekyr:	702 (666)
Bruk med andre storfe:	57 (56)	Storfe:	1344 (1293)
Bruk med sau:	45 (46)	Vinterfora sau:	2155 (2059)
Bruk med mjølkegeiter:	5 (5)	Mjølkegeiter:	491 (481)
Bruk med pelsdyr:	7 (7)	Pelsdyrtisper:	1130 (1130)

Tal for 2012 i parentes.

Ingen selde mjølkekvote. Fire produsentar leiger ut delar av kumjølkekvota si.

Tolv produsentar kjøpte kumjølkekvote frå staten, til saman 22 360 liter.

Datakurs for bønder vart halde i samband med søknad om produksjonstilskot.

Det er gjeve kommunalt tilskot til nybygg/utbetring av 2 driftsbygningar/fjøs, 1 pelsdyrgard og 2 grøftetiltak.

For tilskot til spesielle miljøtiltak jordbrukets kulturlandskap (SMIL) var det ti søknader frå Vang i 2013. Av desse gjaldt åtte rydding av gamal kulturmark og to gjeldt verneverdige hus. Arbeidet med rullering av SMIL-ordninga starta opp i 2013.

Avløyising i husdyrbruket er administrert av Vang avløyislarlag.

## Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvaltning av skogfond og rentemidlane av desse høyrer til dette.

I 2013 vart det avverka 2 269 m<sup>3</sup> tømmer, med ein bruttoverdi på ca. 614 000 kr. Det vart planta 8 500 granplanter på ca. 35 daa, og med dette er ein del av etterslepet henta inn att. Elles er det liten aktivitet med tynning, rydding og anna skogkultur. Her legg ein grunnlag for å hauste kvalitet i framtida, så her må innsatsen aukast.

Utviding og utbetring av Raudøla bru vart fullført i 2013. Ein tredjedel vart rekna å koma skogbruket til gode i og med at ein kan nytta høgare aksellast og dermed større tømmerbilar.

## Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt.

I 2013 vart det felt 56 elgar av ei kvote på 74, og 71 hjortar av ei kvote på 102.

For utrykking ved viltpåkøyrslar og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fem personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vaktentralen. Det var meldt om tre påkøyrslar/funn av fallvilt; ein elg, ein hjort og eitt rådyr.

## Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman og ein årleg produksjon på nærare 100 000 kg kjøt.

Filefjell har sumararbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret.

Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren.

Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin.

## Rovdyr

I 2013 vart det gjeve løyve til skadefelling på ein ulv. Med rask behandling av Fylkesmannen og god innsats av rovviltjaktlaget og beitenæringa vart den felt kort tid etter løyve vart gjeve. Ulven hadde klart å ta seks sau før den vart avliva.

Samla tap vart 287 av 5 374 sleppte sau (5 %), noko som er for høgt. Verst gjekk det ut over saueeigarane i Øye og Høre som hadde endå større prosentvis tap. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovviltkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe og ulv.

Viltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslaga har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

Lisensfelling på jerv og kvotejakt på gaupe gav ikkje utteljing i Vang.

Statens naturoppsyn driv sporing og dokumentasjon av jerveaktivitet i april-mai. Det var ikkje spesielt mykje aktivitet i 2013.

## Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar er godt i gang. Nokre strekningar står att, mest fordi vegvesenet ikkje har fylgt opp eigen framdriftsplan (kryss med fylkesvegar).

Rydding langs Syndinvegen, Klukkargardsvegen, Burmavegen, Ellingbøvegen og Bøagøta er fullført. Noko av vegen mellom Henskrysset og Remmisåsen er rydda for hand.

Gatelys på Tyinkrysset er sett opp.

Brua ved sørre Tune er prosjektert ny og Vang Bygg er innstilt til jobben. Arbeidet er tenkt å starte i mars 2014.

## Vatn og avløp (VA)

Kald vinter gav store utfordringar med frost i vassleidningar og stor pågang frå abonnentar. I samarbeid med Vang energiverk er det innført ein vakttelefon for vatn og avløp, med positive tilbakemeldingar.

Det vart gjennomført spyling av alle vassleidningane i Tyinkrysset, og det er ikkje kome fleire klagar på missfarga vatn etter dette. Det er løyvd midlar til spylehengar for vass- og avløpsleidningar i 2014.

Vang vassverk er ferdig rehabilitert. Lågt pH-nivå inneber at koparrøyr korrodere fortare enn nødvendig. Det er teke prøver, og i samarbeid med Norconsult blir det vurdert ulike metodar for å justere opp pH-verdien. Norconsult skal også prosjektere ny VA-trasé i samsvar med rammeplan for Tyinkrysset. Prosjekteringa er i full gang og anbodsdokument har vore ute, men konkurransen måtte diverre avlysast p.g.a. manglande grunneigaravtalar.

Driftsassistansen for vatn og avløp i Oppland (DiO) utarbeider eigen årsrapport for reinseanlegga i Vang.

Ryfoss vassverk har gått utan problem.

Det er utfordringar for reinseanlegget i Tyinkrysset, både med noverande drift og i samband med auka aktivitet. Forprosjekt for å avklare utviding/bygging av nytt reinseanlegg er sluttført. Konsulent er engasjert til å gjennomgå val av totalentreprenør for nytt reinseanlegg. Anbodsdokument er laga av Asplan Viak og vil komma ut så fort reguleringsplanen er ferdig.

For nytt vassverk og reinseanlegg på Tyinkrysset blir det nødvendig med reguleringsplan. Det er nødvendig med ei større utgreiing for skred og flom i området, og denne er venta ferdig i april 2014.

**Dekningsgrad:** Inntektene frå abonnentar tilknytt kommunale anlegg dekte 80,6 % av utgiftene for vatn og 86,5 % for avløp i 2013 (93,4 % og 98,5 % i 2012). Pr. 31.12. er dekningsgradfondet for vatn ca. 1,5 mill. kr og for avløp 244 000 kr. Tilknytingsavgiftene er med i grunnlaget, og dekningsgraden varierer derfor mykje frå år til år.

## **Kommuneskogen**

Vang kommune har fire skogteigar: Brekken, Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman 902 daa produktiv skog; 21 daa med høg bonitet, 456 dekar på middels bonitet og 414 daa på låg bonitet. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabo jaktfelt.

I Veflenteigen vart det hogge 56 m<sup>3</sup> til ein bruttoverdi på 10 000 kr medan planlagt hogst i Brekkeskogteigen er utsett pga. mangel på ledige hogstmaskinar.

# **PLANAR OG TILTAK FRAMOVER**

## **Byggjesaker**

Det ser ut til at nedgangen i byggjesaker (i alle fall nye hytter) vil halde fram også i 2014.

Det er framleis att ca. 700 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt. Tenlelia er ferdig utbygd med veg, vatn og kloakk, dei fyrste hyttene er bygde, men det er mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslia. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen kan det bli noko utvikling framover.

Det vil bli arrangert felles kurs for entreprenørar i Valdres også i vinter.

## **Kart og oppmåling**

Kvalitetsheving på matrikkel og arkiv blir prioritert om saktmengda gjev rom for det.

Geovekst er eit samarbeid der offentlege aktørar eig kartdata i fellesskap, og midlar frå sal av kartdata til eksterne blir ført tilbake til Geovekstpartane. Nye EU-reglar krev at offentleg kartgrunnlag skal vera gratis tilgjengeleg, og dette vil få konsekvensar for dei offentlege aktørane sin vilje til å "spleise" på kartproduksjon og ajourføring. Gode modellar tilpassa nytt regelverk er ikkje på plass.

Overgangen til eit nytt nasjonalt høgdereferansesystem (NN) var planlagt for Valdres i 2013, men er utsett av Kartverket av tekniske årsaker.

## **Planlegging**

Kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel må vedtakast i 2014. Fleire omsyn må innarbeidast, men ein tek sikte på at planen kan behandlast i hovudutvalsmøte 13.5.2014.

Reguleringsplan for vass- og reinseanlegg for Tyinkrysset blir prioritert av di anleggsarbeidet for E16 Filefjell skal starta opp. Flomlinjevurdering for Fløgstrøndfjorden er bestilt, og planen meldt inn til planforum.

Revisjon av kommunedelplan for Tyinkrysset vil bli prioritert når kommuneplanen er vedteken, vass- og avløpssituasjonen er utbetra og det ligg føre avtaler for fellesgode-finansiering. Reguleringsplan for Øyebakkin kan takast opp i regionalt planforum og leggjast ut på 2. høyring etter avklaringar mellom kommunen og kulturstyresmaktene.

Private reguleringsframlegg kan behandlast raskt, då det er få slike planar. Revisjon av trafikksikringsplanen er starta opp, men dette kan ikkje prioriterast no. Det er avsett midlar til regulering for utviding av bustadfelt i Ryfoss, og arbeidet vil bli lagt ut på anbod. Forsøksordninga for snøscooterferdsel kan bli ein ytterligare arbeidspost dei komande åra, avhengig av lokale vedtak. Innlandet og Valdresregionen har kome langt med digitale løysingar i planarbeidet. Ein bør halde fram med å stadfeste denne posisjonen. Vang skal bidra i eit pilotprosjekt for nasjonale rutedata (m.a. turstigar) i regi av Kartverket.

## **Bustadtiltak og byggjeprojekt**

I Ryfoss er det nødvendig å regulere nytt felt, og det er sett av areal ovanfor eksisterande felt. Det er også sett av budsjettmidlar til planlegging og til grunnkjøp til bustadføremål/spreidd bustadbygging.

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og tilgjengelege ressursar.

For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindaugo og betra ventilasjon. Vindaugo er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglas med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindaugo. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak. Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak. Betre ventilasjon vil rimelegvis gje lægre strålingsfare, og tiltak må utgreiast.

Frå 2014 er det krav om at alle utleigebustader skal dokumentere radonkonsentrasjon, og det er sett i gang radonmåling. I samarbeid med Gjensidige Valdres Brannkasse vil det bli gjennomført termografering av elektriske anlegg som brannførebyggande tiltak.

For varmpumpa i Vangstunet skal det leggjast fram ein rapport om tilstand og framlegg til tiltak. Det kan vera aktuelt med "brønnpark" i staden for å nytte Vangsmjøsa som varmekjelde.

Oppsynsmannen slutta etter oppnådd aldersgrense, og ein må vurdere å lyse ut stillinga – eventuelt med andre arbeidsoppgåver i tillegg.

## **Brann- og feiarvesen**

I følgje vedteken brannordning skal det vera brannstasjon (bistasjon) i Tyinkrysset, men etter dimensjoneringsforskrifta er det ikkje krav om dette. Det er ikkje stasjonert bil eller utstyr her. Det må vurderast om det er mogeleg å skaffe brannmannskap i nærområdet. I samband med bygging av fleire tunellar må ein vurdere om ein heller skal bygge ut Grindaheim brannstasjon.

Det er sett i gang ei utgreiing for felles brann- og feiarvesen i Valdres, og brannsjefen deltek i denne gruppa.

Feiing og tilsyn held fram som før. Det blir færre piper å feie etter kvart som det blir installert varmpumper. Der det er varmpumpe blir det ikkje feia kvart år. Det vil bli utgifter til opplæring av feiar og brannmannskap. Det er krav om grunnutdanning, men på grunn av manglande kapasitet ved Noregs brannskule er ikkje dette mogeleg å gjennomføre innan fristen.

Etter at Ryfoss brannstasjon er rusta opp, er det eit sterkt ynskje om å fornye bilparken. Fyrste prioritet er å skifte ut Magirusen med ein nyare bil. Vi er godt tente med å kjøpe ein brukt brannbil til ein overkommeleg pris.

Vestre Slidre har sagt opp samarbeidsavtala for Ryfoss brannstasjon frå 2014. Vår vurdering er at kommunen likevel må oppretthalde Ryfoss brannstasjon.

Utbygging av det nye nødnettet Tetra har drege ut, men er no kome så langt at oppstarten skjedde i februar.

## Landbrukskontoret

Landbrukskontoret vil i 2014 arrangere fagdagar/fagturar i samarbeid med faglaga og landbrukskontoret i Vestre Slidre.

Datakurs for bønder i samband med søknad om produksjonstilskot vil bli vidareført. Dette gjeld også fagdagar med kjøtproduksjon og prosjekt med *Inn på tunet*.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret setja fokus på dyrehald og dyrevelferd.

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar, kulturlandskapstiltak og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av tilskot til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2014.

Tiltaksstrategiar for spesielle miljøtiltak i landbruket skal slutførast i fyrste halvår i 2014.

## Kommunale vegar

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde klar sikt og framkome for større kjøretøy.

## Vatn og avløp

Nytt reinseanlegg for Tyinkrysset skal byggast. Det er ikkje mogleg å knytte til fleire abonnentar før avklaring og vedtak om midlar til nytt vassverk. Asplan Viak har utforma anbuds-dokument for totalentreprise på nytt reinseanlegg, og Norconsult prosjekterer overføringsleidningar til nytt reinseanlegg og vassverk. Dette vil krevje mykje oppfølging, og vera hovudprosjektet for VA-ingeniøren i 2014 og framover.

To nye driftsoperatørar får opplæring i 2014, og midlar er avsett.

Driftsovervakingsanlegget i Ryfoss treng oppgradering for at driftspersonellet kan få oversikt frå sentralen i Vang. Det bør også bli etablert ein sentral i Ryfoss for å sjå på Vang vassverk/reinseanlegg. Midlar er avsett i 2014.

Vang vassverk slit med låge pH-verdiar; fleire prøver viser verdiar heilt på grensa til krava i forskrifta. Pris på CO<sub>2</sub> avherdningsanlegg er innhenta, med byggestart 2014.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet godt nok ivareteke.

Det er mistanke om at fleire hytter har knytt seg til det kommunale VA-nettet utan å ha søkt. Kartlegging er i gang, og det vil vera nødvendig med synfaringar sommaren 2014.

Spyling av vassnettet er heilt nødvendig for å halde en god vasskvalitet, og dette vil bli prioritert også i 2014.